



NORSK KULTURRÅD
Arts Council Norway

STRATEGI 2011-2014

Innhold

Strategi 2011-2014.....	2
Barne- og ungdomskultur.....	3
Rom for kunst.....	4
Forskning og utvikling.....	6
Andre formål	8
Biletkunst og kunsthåndverk.....	9
Musikk	11
Scenekunst	13
Litteratur – bøker, periodiske publikasjoner og teikneserier.....	15
Kulturvern.....	17

Strategi 2011-2014

Norsk kulturråd forvaltar Norsk kulturfond og post 74 og skal arbeide for å:

- **Styrkje kunst- og kulturuttrykka i samtida**
- **Bevare, dokumentere og formidle kulturarv**
- **Gjere kunst og kultur tilgjengeleg for flest mogleg**

Kvalitet, profesjonalitet og mangfald skal vere sentrale verdiar i arbeidet til rådet. Mandatet til rådet skal realiserast gjennom tre verkemåtar:

- Rådgeving basert på kontakten med feltet og forskingsbasert kunnskap
- Fordeling av tilskot til kunst- og kulturtiltak etter søknad
- Ta initiativ til prosjekt på bakgrunn av særeigne utfordringar

Norsk kulturråd skal stimulere den frie delen av kunst- og kulturlivet og betre vilkåra for kunstnarleg produksjon og formidling. I kunstfelta skjer det ei kontinuerleg bryting mellom tradisjon og nyskaping, mellom kontinuitet og endring. Dette er ei av kunstens drivkrefter og ei stadig kjelde til debatt. Kulturrådet ser det som ei prioritert oppgåve å stimulere både til debatten og til dei kunstnarlege initiativa. Rådet vil vidare arbeide for å styrkje det offentlege medvitte og kunnskapen om kunst og kulturvern.

Frå 2011 har Norsk kulturråd fått nye oppgåver som følgje av at ei rekkje tilskotsmottakarar er overførde til Kulturrådets forvaltning. Kulturrådet har som mål å utvikle dialogen med nye tilskotsmottakarar og -søklarar, og å sikre ein heilskapleg og fagleg fundert tildelingspraksis innanfor det samla ansvarsområdet til rådet.

Kulturrådet vil vie Grunnlovsjubileet i 2014 spesiell merksemd.

Barne- og ungdomskultur

Bakgrunn

Norsk kulturråd har som mål å fremje interessa for, respekten for og kvaliteten på kunst og kultur for barn og ungdom. For å nå dette målet vil rådet arbeide strategisk for å gje kunst- og kulturuttrykk for barn og ungdom gode produksjons- og formidlingsvilkår. Dette arbeidet må skje i kontinuerleg dialog med kunstnarar og kulturaktørar som har kunnskap om og kontakt med målgruppa. Det er vidare viktig å stimulere til kritisk tenking og debatt rundt kva plass kunst og kultur har og kan ha i liva til barn og ungdom, og arbeide for at denne debatten blir ein del av den offentlege samtalen om kunst og kultur.

Rådet har som mål å få profesjonelle kunstnarar og kulturaktørar til å skape og formidle engasjerande og nyskapande kunst av høg kvalitet for barn og ungdom, og ser det som like sentralt å stimulere til prosjekt der barn og ungdom sjølv deltek aktivt saman med profesjonelle utøvarar.

Barn og unge er ikkje ei språkleg eller kulturelt homogen gruppe. Dei utgjer eit mangfald av identitetar og erfaringsbakgrunnar. Rådet skal stimulere til eit tilsvarande mangfald av kunst- og kulturuttrykk, og leggje til rette for ei utvikling av gode arenaer slik at desse uttrykka når eit ungt publikum.

Kulturrådets ansvar og oppdrag

Kulturrådets arbeid på området barne- og ungdomskultur i perioden 2011-2014 er todelt. Éin del av arbeidet omfattar utviklingsverksemd der rådet tek initiativ til forsøksprosjekt ved behov. Forsøksprosjekta skal gje kunst- og kulturuttrykk til barn og ungdom gode produksjons- og formidlingsvilkår og skal ha som mål å prøve ut nye verkemiddel. Kunnskap og erfaringar frå gjennomføringa av forsøksprosjekta skal gjerast tilgjengeleg for kunstnarar og aktuelle fagmiljø, som eit kontinuerleg bidrag til målet om å stimulere til kritisk tenking og debatt på området.

Vidare gjev rådet prosjektstøtte til produksjon og formidling av kunst og kultur til barn og ungdom innanfor alle dei etablerte kunstområda musikk, scenekunst, litteratur og biletkunst, i tillegg til tverrfaglege prosjekt og prosjekt på kulturvernområdet. I behandlinga av søknader vil rådet prioritere tiltak av høg kvalitet der profesjonelle kunstnarar er med, prosjekt der barn og ungdommar sjølve deltek i ein profesjonell samanheng, prosjekt som inviterer til kritisk tenking og debatt i tillegg til prosjekt som bidreg til utvikling av arenaer tilpassa målgruppa. For alle prosjekt vil det leggjast særleg vekt på målet om å fremje eit språkleg og kulturelt mangfald.

Hovudsatsingar 2011-2014

- Fremje produksjon og formidling av profesjonelle kunst- og kulturuttrykk for barn og unge som engasjerer og inviterer til refleksjon og deltaking frå målgruppa
- Stimulere til at barn og unge sjølve skal produsere kulturelle ytringar i ein profesjonell samanheng
- Bidra til at prosjekt med eit mangfald av språkformer og kulturuttrykk når barn og unge, og til at norsk språk blir stimulert og vidareutvikla gjennom engasjerande prosjekt
- Stimulere til kunnskapsproduksjon, kritisk tenking og debatt om kva plass kunst- og kulturuttrykka kan ha i liva til barn og unge
- Tilstrekkelig handlingsrom til at rådet kan setje i gang og forvalte forsøksprosjekt der ein ser særskilde behov

Rom for kunst

Bakgrunn

Kulturrådet har som mål å bidra til fagleg gode, framtidsretta og levande arenaer for produksjon og formidling av profesjonell kunst og kultur innanfor eit mangfald av uttrykk.

Dagens kunstnarlege praksis innanfor områda biletkunst, scenekunst, musikk og litteratur spanner frå produksjon og formidling av utstillingar, konsertar og framsyningar i tradisjonell forstand til tverrkunstnarlege, stadsspesifikke, relasjonelle og digitale prosjekt. Skilja mellom produksjon og formidling eller mellom kunst og arena er ofte bygde ned, og spreining og kommunikasjon kan gå føre seg på nye stader og i nye kanalar. For at produksjon og formidling av kunst skal kunne finne stad og halde høg kvalitet må bygg, arenaer og infrastruktur vere tilpassa mangfaldet og utviklinga i feltet.

Kunstnarar og kulturaktørar nyttar ofte tradisjonelle bygg og arenaer som er spesialtilpassa for kunstverksemd. Samtidig finn mange kunstnarar og kulturaktørar det fagleg og organisatorisk interessant å ta i bruk andre rom og lokalitetar. Eksempel på dette er bygg som opphavleg var reiste for anna verksemd, uterom, kulturarvsinstitusjonar eller arenaer der samlokalisering med kulturnæringar eller frivillig kulturliv kan finne stad.

Somme kunstfaglege utviklingstrekk skaper utfordringar. Tverrfagleg og tverrkunstnarleg verksemd, ikkje-institusjonaliserte uttrykksformer og spesialområde kan ha særskilde krav til rom og teknikk for å kunne produserast og formidlast, eller behov for å samle og utvikle eit fagmiljø. Biletkunstheltet har med sine mange tverrfaglege prosjekt og varierte produksjons- og formidlingsformer behov for fleire oppdaterte arenaer utanom dei større institusjonane. På scenekunstheltet ser ein eit veksande behov for produksjons- og framsyningslokale. Dette har samanheng med auka produksjonstakt og satsing på det frie feltet i tillegg til geografisk spreining av produksjonsmiljøa.

I eit samfunns- og publikumsperspektiv finn vi òg utviklingstrekk som påverkar dei profesjonelle kunst- og kulturarenaene. Arenaene til kulturfeltet bidreg ofte til stads- og næringsutvikling. Forskjellar i geografi og busetjingsmønster skaper ulike behov og ulike høve for utvikling av arenaer. Samansetnaden av befolkninga er i stadig endring, og arenaene må ta omsyn til dette for å halde oppe relevansen sin. Trass i at mange kulturaktørar driv god formidling til barn og ungdom, er det få profesjonelle kunstarenaer som er utvikla og tilrettelagde spesielt for denne publikumsgruppa. Ei rekkje eldre bygg og institusjonar som har mista den opphavlege funksjonen sin, søkjer ny relevans gjennom satsing på kunst- og kulturaktivitet.

For å kunne skape levedyktige kunst- og kulturarenaer er det avgjerande at det finst både kunstfagleg, publikumsmessig og økonomisk grunnlag for etablering og vidareføring. I somme samanhengar vil nyetablering vere rett. Andre gonger kan oppgradering og revitalisering av eksisterande infrastruktur vere føremålstenleg. Tidvis kan det vere rett å avvikle arenaer som ikkje lenger er relevante. Somme arenaer skal etablerast og drivast på lang sikt, andre vil ha ein meir mellombels karakter.

Kunst- og kulturaktørar er i aukande grad opptekne av å sjå verksemdene i høve til globale utfordringar rundt miljø, fordeling og forvaltning av kulturarv og naturressursar. Samarbeid på tvers av fagområde som arkitektur, kunst, kulturvern og teknologi kan bidra til utvikling av nye berekraftige løysingar for både bygging og drift av møteplassane i samfunnet.

Kulturrådets ansvar og oppgåver

Med Rom for kunst vil Kulturrådet bidra til at det profesjonelle, prosjektbaserte kunst- og kulturfeltet får tilrettelagt føremålstenleg infrastruktur for utvikling, produksjon og formidling.

Kulturrådet kan gje støtte til forprosjekt, arkitektkonkurransar, nybygg, ombygging og oppgradering av eksisterande lokale, tekniske fasilitetar og utprøvningsprosjekt. For særleg prioriterte område kan Kulturrådet gje fleirårig etablerings-, utviklings- og verksemdstøtte, som kan omfatte fagleg og organisatorisk infrastruktur.

Kulturrådet vil ta omsyn til den offentlege arbeidsdelinga som finst på kulturbyggområdet og tilgrensande felt. Dette omfattar andre ordningar som Nasjonale kulturbygg (Kulturdepartementet), Desentralisert ordning for kulturbygg (Fylkeskommunane), Musikkutstyrsordninga og Kunst i offentlege rom/KORO.

Hovudsatsingar 2011-2014

- Rette særleg merksemd mot arenabehov for nye og ikkje-institusjonaliserte uttrykksformer, tverrkunstnarleg praksis og tverrfagleg samarbeid
- Følgje opp særigne arenautfordringar for dei ulike kunstområda
- Stimulere til utvikling av arenaer for profesjonell, relevant og framtidretta kunstformidling for barn og ungdom

- Stimulere til ressursutnytting av infrastruktur og føremålstenlege, stadstilpassa og berekraftige løysingar når det gjeld arkitektur, teknikk og organisering
- Arbeide for utprøving, kunnskapsutvikling, refleksjon og diskusjon på arenaområdet, både i kunst- og kulturfelta internt og i eit større samfunnsperspektiv

Forskning og utvikling

Bakgrunn

Som eit ledd i den auka satsinga på kultursektoren har Kulturrådet fått større budsjett og utvida arbeidsoppgåver. Samtidig skjer det store endringar på dei områda Kulturrådet har ansvar for å styrkje. Ny teknologi, aukande internasjonalisering, endra økonomiske vilkår for kunstnarane og nye kunstnarlege praksisar er utfordringar for kulturpolitikk og -forvaltning. Desse prosessane utfordrar tenkjemåtar og innretninga på dei kulturpolitiske verkemidla.

I alle delar av samfunnet tek ein i aukande grad forskingsbasert kunnskap i bruk for å møte framtidige utfordringar og skaffe seg eit godt handlingsgrunnlag. Dette gjeld også i kulturlivet. Behovet for kunnskap er stort og spenner breitt, og etterspørselen etter kunnskap om verkemåtane til kulturpolitikken er aukande. For Norsk kulturråd er oppdatert forskingsbasert kunnskap om endringsprosessane i kulturlivet ein føresetnad for å kunne verkeleggjere mandatet sitt på ein profesjonell og kvalifisert måte. Difor har Kulturrådet alltid vore ein aktiv pådrivar for utviklinga av kunnskap på kulturområdet. Forsking, utgreiing og evaluering er sentrale reiskapar i arbeidet til rådet.

Kulturrådets ansvar og oppgåver

Kulturrådets forskings- og utviklingsarbeid (FoU) rettar seg i hovudsak inn mot å setje i verk evaluering- og forskingsprosjekt og drive aktiv kunnskapsformidling.

Det årlege tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet pålegg Kulturrådet å gjennomføre evalueringar av større forsøks- og utviklingsprosjekt som har fått stønad. Evalueringane gjev rådet konkret kunnskap om resultat og erfaringar frå dei verksemdene Kulturrådet har vore med å finansiere og er dermed med på å danne grunnlag for avgjerdene til rådet.

Forskningsprosjekta som Kulturrådet sjølv tek initiativ til, skal fange opp og undersøkje saksforhold, tendensar og endringsprosessar. På den måten bidreg Kulturrådet også til utviklinga av eit breiare kunnskapsgrunnlag både for rådet sjølv og for kultursektoren generelt. Kunnskapsproduksjonen skal bidra til å opne for nye forståingsmåtar og horisontar, men skal også sørgje for eit kritisk blick på praksisar, organisasjonsformer og tenkjemåtar.

Kulturrådets FoU-verksemd spelar ei viktig rolle som mellomledd og formidlar mellom kulturforskingstiljø ved universitet og høgskolar og kulturlivet sett som eit praksisfelt.

Kulturrådets uavhengige rolle, på armlengds avstand frå den politiske myndigheitsutøvinga, gjer verksemda særskilt eigna til uavhengig kunnskapsutvikling og til å levere premissar for den kulturpolitiske samtalen.

Kulturrådets FoU-miljø rår også over ein omfattande bestillarkompetanse som blir etterspurd i aukande grad av andre kulturverksemder. Denne bestillarkompetansen må sjåast i samanheng med målet om at verksemda også skal rår over egen forskingskompetanse. Erfaring frå sjølvstendig forskingsarbeid er ein vesentleg føresetnad for å nå målet om å produsere kunnskap av høg fagleg kvalitet og med stor grad av relevans for brukarane.

FoU-arbeidets innretning

Kulturrådets evaluerings- og forskingsarbeid skal utformast på ein måte som gjer forskingsbasert kunnskap til eit nyttig og relevant verkemiddel for Norsk kulturråd og for kulturlivet elles.

Det er avgjerande for Kulturrådet at den forskingsverksemda er av høg fagleg kvalitet og byggjer på allmennvitskaplege normer. Kunnskapsoppdraget skal byggjast på ei undersøkjande og udogmatisk haldning og prøve å ivareta eit breitt mangfald av kunnskapstradisjonar og perspektiv. Nærleiken til kulturlivet slik det utspelar seg i samtida, og kunnskap om praksisane i kulturlivet, er den fremste ressursen og det viktigaste kjenneteiknet til FoU-verksemda.

Val av forskingsområde skjer i dialog med heile kulturrådssystemet, praksisfeltet og kulturforvaltinga. Forskingssatsingane kan både ta utgangspunkt i konkrete verksemder i kultursektoren eller ha meir teoridrivne problemstillingar som knyter an til nye fenomen eller tendensar i kulturlivet.

Nærleiken til praksisfeltet og kulturforvaltinga, kombinert med god forankring i forskingsfaglege miljø og akademiske tradisjonar, gjer Kulturrådet til ein relevant stad for produksjon og formidling av kunnskap.

Hovudsatsingar 2011-2014

- Vidareutvikle rolla til Kulturrådets som ein fagleg god bestillar av relevant kunnskap og forskning av høg kvalitet
- Styrkje kunnskapen om kultursektoren gjennom å fremje forskning som frambringer nyttige innsikter og stimulerer til kritisk tenking
- Styrkje den offentlege kunst- og kulturpolitiske samtalen gjennom å drive aktiv formidling av relevant forskning
- Vidareutvikle samarbeidet med Forskingsrådet og Kulturdepartementet med tanke på å styrkje ansvaret for kunnskapsutviklinga i kultursektoren

Andre formål

Bakgrunn

Avsetjinga Andre formål har ein viktig funksjon når det gjeld å gje Kulturrådet høve til å følgje opp overordna satsingsområde slik dei er nedfelte i strategiplanen til rådet. Avsetjinga gjev handlingsrom til å setje i gang forsøksprosjekt, program og satsingar.

Mange av søknadene til Norsk kulturråd fell dessutan utanfor eller går på tvers av dei etablerte fagområda biletkunst, litteratur, musikk, scenekunst og kulturvern. Ein del av desse tiltaka blir behandla parallelt i fleire fagutval, men avsetjinga Andre formål har som eitt av hovudmåla sine å fange opp slike prosjekt og tiltak.

I stor grad dreier desse seg om tverrfaglege prosjekt, festivalar og kulturarrangement. Det kan også vere snakk om nye og uetablerte kunst- og kulturuttrykk som ikkje utan vidare let seg plassere på andre fagområde. Vidare kan det handle om dokumentarfilm og utstillingar med dokumentarpreg eller konferansar, seminar og publikasjonar med eit tverrfagleg eller allment kulturfagleg innhald.

Kulturrådets ansvar og oppgåver

Eit sentralt mål for Norsk kulturfond er å stimulere til utviklinga av nye kunstnarlege uttrykksformer. Avsetjinga Andre formål skal fange opp støtteverdige tiltak som fell utanfor eksisterande ordningar, og behandle desse på ein fagleg forsvarleg måte.

Når det gjeld prioriteringar i behandlinga av innkomne søknader, viser vi til hovudmåla i overordna strategi for Norsk kulturråd 2011-2014.

Norsk kulturråd har vidare som oppgåve å drive forsøksverksemd på kunst- og kulturområdet der det er behov for ein særskilt innsats. Forsøksverksemda handlar ofte om å prøve ut nye modellar eller verkemiddel. Utprøvinga kan ha ulike former, frå kortvarige forprosjekt til fleirårige utviklingsprosjekt eller program. Andre formål gjev rådet høve til å drive slik forsøksverksemd. Dette gjeld spesielt forsøksverksemd knytt til dei satsingsområda rådet har nedfelt i strategiplanen, og prosjekt og tiltak som rådet sjølv set i gang.

Hovudsatsingar 2011-2014

- Fange opp kunst- og kulturellerrelaterte prosjekt som fell utanfor eller går på tvers av etablerte fag- og satsingsområde, til dømes tverrfaglege festivalar og kulturarrangement, dokumentarfilm, kulturfaglege publikasjonar eller nye uttrykk.
- Sikre oppfølging av overordna satsingsområde slik dei er nedfelte i strategiplanen til Kulturrådet, med særleg vekt på tverrfaglege utfordringar

- Følgje opp eigne initiativ og definere særskilde, kulturpolitisk grunngjevne satsingar i lys av identifiserte behov på kunst- og kulturfeltet
- Drive aktiv rettleiing overfor nye aktørar i kunst- og kultursektoren, medrekna aktørar/prosjekt som ikkje fell naturleg inn under dei andre fagområda eller er av tverrfagleg karakter

Biletkunst og kunsthåndverk

Bakgrunn

Det visuelle kunstfeltet har gjennomgått store endringar dei siste 10 - 15 åra. Dette gjeld utvikling av nye uttrykk, kunstnarlege praksisar, produksjonsmåtar og formidlingsformer, nye arenaer og organisering av det kunstnarlege arbeidet. Eit stort mangfald av kunstuttrykk og formidlingsarenaer over heile landet gjev mange høve for å oppleve og verdsetje kunst. Trass i dette er feltet ikkje tilstrekkeleg synleg i offentlegheita. I ei tid der den audiovisuelle kulturen spelar ei sentral rolle, ser Kulturrådet derfor eit behov for å styrkje det offentlege medvitet om det visuelle kunstfeltet.

Dagens kunstfelt omfattar måleri, fotografi, kunsthåndverk, teikning, grafikk, skulptur, video/film/dokumentar, installasjonar, stadsspesifikke og relasjonelle uttrykk, lydkunst, performance, nettkunst, streetart, graffiti, teikneseriar, artists' books, bruk av uterom og offentlege rom med meir. Kunsten kan vere gjenstandsbasert, men kan like gjerne ta form av handlingar, hendingar og situasjonar. Kunstfeltet blir òg karakterisert av den sentrale rolla diskusjon og kunnskapsproduksjon spelar, både som eigen kunstpraksis, men òg i form av seminar og publikasjonar.

Nye kunstuttrykk har ført til endra produksjonsformer, metodar og organisering av det kunstnarlege arbeidet. Kunstfeltet blir i aukande grad prega av spesialisering og arbeidsdeling, og kuratorar og produsentar er komne inn som viktige aktørar. Eit anna vesentleg trekk er tverrkunstnarlege uttrykk, samarbeid mellom kunstfaga og andre typar fag- og forskingsmiljø. Dette medfører meir komplekse organisasjons- og produksjonsformer som kan samanliknast med kunstområda scenekunst, film og musikk. Den hendingsbaserte, ikkje-varige karakteren til samtidskunsten og bruken av ny teknologi inneber at kunstfeltet står overfor utfordringar når det gjeld dokumentasjon og bevaring.

Det visuelle feltet består av eit breitt spekter av formidlings- og visingsarenaer. I tillegg blir kunsten formidla gjennom ulike publikasjonar og nettstader.

Samtidskunsten er stadig tettare knytt til den internasjonale kunstarenaen. Referanserammer og praksisar i kunsten er prega av utveksling og samarbeid i form av internasjonale workshops og utviklingsprosjekt, residency-ordningar, samproduksjon av utstillingar i Noreg og utlandet og etablering av nye internasjonale formidlingsarenaer og distribusjonsnettverk.

Kulturrådets ansvar og oppgåver

Norsk kulturråd skal bidra til høg kvalitet og mangfald i samtidskunsten, og å styrkje formidlinga slik at den profesjonelle kunsten får ein tydelegare plass i samfunnet. Det er ei sentral oppgåve å bidra til refleksjon omkring kunstnarlege og kulturelle endringsprosessar, i tillegg til utvikling av nye kunstnarlege produksjonsmåtar, samarbeidsformer og formidlingsstrategiar for eit samansett publikum. Kulturrådet skal gjennom tildelingspraksisen sin ta vare på mangfald og representativitet i kunstfeltet.

Rådet kan også sjølv ta initiativ til utviklingsprosjekt, og bestille kunnskapsproduksjon om tema som er relevante for kunstfeltet.

Kunst og ny teknologi

Støtteordninga for kunst og ny teknologi er ei eiga avsetjing og har som formål å styrkje kunstproduksjon basert på nye medium og ny teknologi. Ordninga er tverrkunstnarleg og gjeld biletkunst, musikk, litteratur og scenekunst. Kunst og ny teknologi skal stimulere til vidareutvikling av teknologisk spisskompetanse innanfor kunstfeltet, og bidra til å spreie slik kompetanse ut til kunstmiljøa, på tvers av dei ulike kunstområda. Ordninga skal vidare stimulere til samarbeid mellom kunstnarar og andre typar fag- og forskingsmiljø

Hovudsatsingar 2011-2014

- Bidra til profesjonalisering av kunstfeltet gjennom styrking av produsentrolla og kunstnarstyrte visingsstader
- Stimulere til samarbeidsprosjekt mellom institusjonar og det frie kunstfeltet, nasjonalt og internasjonalt, og på tvers av faggrensar
- Styrkje arbeidet med dokumentasjon, bevaring og formidling av kunstuttrykk av "ikkje-varig" karakter (video, installasjonar, performance, nettkunst, lydkunst m.m.)
- Bidra til kritisk refleksjon og dialog i offentlegheita om kunst og om kunstens plass i samfunnet, gjennom å styrkje vilkåra for kunstnarlege undersøkingar, formidling og kunnskapsproduksjon

Musikk

Bakgrunn

Norsk kulturråds overordna strategi på musikkområdet er å gjere musikk av høg kvalitet i alle sjangrar tilgjengeleg for nye publikumsgrupper. Musikkscenen i Noreg har utvikla eit stort mangfald av uttrykk. Auken i breidd og kvalitet har skapt nye moglegheiter.

Formidlingsarenaene for musikk er varierte, og interessa aukar for repertoar og nye formidlingsformer. Samtidig manglar framleis dei lokale og regionale kulturformidlarane nødvendige ressursar og kompetanse til å møte denne utfordringa. Det er eit behov for å styrkje arrangør- og produsentledd innanfor alle musikkshangrar.

Dei seinare åra har det vakse fram sjangerspesifikke tilskotsordningar. Kulturrådet ser ei slik sjangermessig oppdeling av musikkområdet som lite føremålstenleg og vil arbeide for at verkemidla blir organiserte inn mot hovudinnsatsområde som arrangørfeltet, produksjon og utøvande verksemd.

Konkurransen om midlane aukar og grunngevinga for prioriteringane til Kulturrådet blir stadig utfordra.

Kulturrådets ansvar og oppgåver

Kulturrådets oppgåve i den komande fireårsperioden vil vere vidareutvikling av kunstarenaene for musikk gjennom å støtte ny produksjon, fortolkingskunst og verksemd av høg kvalitet.

I fordeling av midlar til rytmisk musikk skal Norsk kulturråd sjå festivalar og heilårsarrangørar meir i samanheng.

Kulturrådet skal bidra til brei og god formidling gjennom tilskot til prosjekt og arrangørar/festivalar av høg kunstnarleg kvalitet. Kulturrådet skal òg bidra til utvikling av tverrfagleg og fleirkulturell verksemd, produksjon og formidling for barn og unge, og bidra til å dokumentere og tilgjengeleggjere musikkarven i Noreg.

Tilskotsordningane til musikkavsetjinga må utviklast for å møte endra vilkår for produksjon og formidling. Kulturrådet vil difor sjå feltet i samanheng og utvikle dei ulike ordningane til beste for feltet i den komande fireårsperioden. Sidan ei rekkje verksemdar er avhengige av tilskot frå Norsk kulturfond, må endringane skje gradvis og med ein viss stabilitet frå år til år.

Dialog og samarbeid med aktørar, organisasjonar og institusjonar er avgjerande. Det er viktig å vere meir aktivt til stades ute i feltet, og delta i debatt om ulike kunstsyn og kunst- og kulturpolitiske spørsmål.

Ei rekkje tiltak som har stått som "fast post" på statsbudsjettet, blir i 2011 tilbakeførde til Kulturfondet. Dei blir lagde inn i post 56 i musikkavsetjinga og sette i samanheng med det andre festival- og ensemblefeltet. Dei tiltaka som blir tilbakeførde, får behalde den økonomiske føreseielegheita ut 2012. Den faglege oppfølginga av post 56-tiltaka skal Kulturrådet stå for gjennom årlege dialog- og budsjettmøte og vidareføring av fleirårige tilsegner.

Hovudsatsingar 2011-2014

Arrangør- og arenavikling

Gjere musikk av høg kvalitet tilgjengeleg for eit større publikum, og stimulere til fornying av formidlingsformer ved å:

- Bidra til at musikkfestivalar av høgt kvalitetsnivå kan haldast oppe og utviklast vidare.
- Sikre drift og programmering av heilårsarrangørar innanfor alle sjangerområde.
- Bidra til å utvikle kyrkjene som konsert- og kunstarenaer, og vitalisere og fornye profesjonelt musikkarbeid og konsertproduksjon.
- Stå for formidlingstiltak og forsøksprosjekt for barn og ungdom, både tverrfagleg og fleirkulturelt.

Ny produksjon

Støtte skapande verksemd innanfor komposisjonsmusikken gjennom å:

- Bidra til nyskapande prosjekt og forsøksordningar
- Støtte tiltak som opnar for nye utviklingstrekk
- Finansiere ei rekkje bestillingsverk for ulike orkester og ensemble og musikkdramatiske verk.
- Støtte ensemble på høgt nivå for å styrkje den kunstnarlege kvaliteten til dei "frie" gruppene.
- Styrkje det rytmiske musikkområdet – særleg innanfor pop og rock – ved å gje støtte til konsertproduksjon og turnéverksemd.

Fonogram og dokumentasjon

- Bidra til ein bred produksjon og distribusjon av kvalitetsfonogram på alle plattformer med musikk av opphavsmenn/utøvarar i Noreg
- Støtte innspeling av partiturmusikk, orkesterverk og elektroakustiske komposisjonar av komponistar i Noreg
- Støtte kvalitetsproduksjonar for barn og unge, og innspelingar som dokumenterer utøvartradisjonar
- Støtte innspelingsprosjekt som har ein mangfaldsdimensjon

Scenekunst

Bakgrunn

Scenekunsten er ein kollektiv kunstart som involverer mange ulike kunstfaglege profesjonar. I ei tid da utviklinga innanfor elektronisk kommunikasjon eskalerer, representerer scenekunsten ei kommunikasjonsform som først og fremst baserer seg på det menneskelege møtet mellom utøvarar og publikum.

Det frie scenekunstheltet er prega av sjangeroverskriding og tverrfaglegheit i kunstprosessen. Dette gjeld innanfor dei etablerte scenekunstsjangrane som dans, teater og performance, og mellom scenekunsten og andre kunstuttrykk som biletkunst og musikk. Dette inneber endringar i forståinga av scenisk verkemiddelbruk, nye former for organisering av kunstnarlege prosessar og nye formidlingsstrategiar. Parallelt med det sjangeroverskridande ser ein ei utvikling i motsett retning, der kunstnarane fokuserer innover på det spesifikke for sin kunstart.

Basisfinansieringa av faste scenekunstgrupper og auka tilskot til fleirårig støtte har gitt fleire grupper auka stabilitet og føreseielegheit. Dette sikrar ei kunstnarleg utvikling og profesjonalitet i verksemdene. Frie scenekunstgrupper og dansekompani søker i aukande grad samarbeid med etablerte institusjonar, nasjonale som internasjonale. Samarbeid med ein etablert institusjon betyr betre produksjonsforhold, tilgang til eit profesjonelt marknadsapparat, auka synlegheit og møte med nye publikumsgrupper.

I samarbeidsprosjekt mellom dei frie gruppene og institusjonane er Norsk kulturråd oppteke av at gruppene sikrar eigarskapen sin til produksjonane og at vilkåra for samarbeidet ivaretek den kunstnarlege og økonomiske integriteten til gruppa. Utviklinga kan sjåast på som ei oppmjuking av forholdet mellom det frie scenekunstheltet og institusjonane.

Dansefeltet har få etablerte institusjonar. Difor er samproduksjonar med norske institusjonar mindre utbreidd enn blant dei frie teatergruppene. Dansen og andre fysiske scenekunstuttrykk har eit sterkare potensial til internasjonal samproduksjon og formidling enn scenekunstuttrykk som er tekstleg og språkleg basert. Fleire frie dansekompani samproduserer framsyningar med internasjonale aktørar.

Den frie dansekunsten har hatt ei sterk utvikling i dei seinare åra. Dette har skapt eit større mangfald av danseuttrykk enn før. Mangfaldet kjem til syne i to motsette retningar, både mot det tverrfaglege og mot ei større fordjuping og spesialisering på kvart einskild felt. Der det sceniske teateruttrykket i ein del av scenekunstheltet har nærma seg det fysiske og rørsleorienterte, har somme aktørar i dansefeltet teke i bruk tekstlege og språklege verkemidla. Dette utfordrar forståinga vår av scenekunstens etablerte sjangrar.

Det er eit stort behov for betre produksjonslokale. Dette gjeld spesielt i dei største byane og for dei kompania som har stor produksjon og kontinuitet i kunstnarskapane sine. Det er også

behov for ein betre infrastruktur når det gjeld scenekunstarenaer. Betre utnytting av etablerte arenaer, som for eksempel i nettverket av kulturhus, er også ønskeleg.

Det er lite rekruttering av scenekunstaktørar frå etniske minoritetar og få bidrag som set den fleirkulturelle kvardagen vår på dagsorden. Vidare har det dei siste åra blitt laga mange gode scenekunstproduksjonar for barn, men få har ungdom i fokus. Ungdommens arena blir ofte assosiert med sosiale medium og digitale spel som er med på å prege språk, kulturell identitet og sjølvforståing. Kulturrådet ønskjer å stimulere til scenekunstprosjekt som reflekterer røyndomen til dei unge.

Kulturrådets ansvar og oppgåver

Norsk kulturråd skal halde seg orientert om utviklinga i det frie scenekunstheltet. Dialog med og kunnskap om det frie scenekunstheltet er med på å leggje grunnlaget for arbeidet til Kulturrådet. Norsk kulturråd skal stimulere til eksperimentering og utforsking, og styrkje det frie scenekunstheltet økonomisk, kunstnarleg og organisatorisk. Rådet skal bidra til auka formidling og distribusjon av scenekunst av høg kvalitet, nasjonalt som internasjonalt. Norsk kulturråd skal styrkje den faglege kompetansen i dei frie scenekunstmiljøa og stimulere til auka offentleg medvit om scenekunstens plass og betyding i samfunnet.

Kulturrådet vil utvikle scenekunsten slik at han i større grad speglar av dagens fleirkulturelle røyndom. God scenekunst for ungdom vil òg bli vektlagd. Arbeidet med å nå desse gruppene, både som aktørar og publikum, skal intensiverast.

Ei rekke tiltak som har stått som "fast post" på statsbudsjettet, blir i 2011 tilbakeførde til Kulturfondet. Dei tiltaka som blir tilbakeførde, får behalde den økonomiske føreseielegheita si ut 2012. Kulturrådet skal følgje opp desse tiltaka gjennom årlege dialog- og budsjettmøte og vidareføring av fleirårige tilsegner.

Hovudsatsingar 2011-2014

- Skal leggje til rette for eksperimentering, utforsking, nytolking og samarbeid på tvers av uttrykksformer og sjangrar
- Stimulere til rekruttering av aktørar frå etniske minoritetsmiljø og prioritere gode scenekunstprosjekt som reflekterer og tematiserer det fleirkulturelle samfunnet vårt
- Styrkje utveksling av scenekunst nasjonalt så vel som internasjonalt som bidrag til at scenekunst av høg kvalitet når ut til flest mogleg
- Stimulere til auka kunnskap om samarbeid mellom scenekunstinstitusjonane og aktørar i det frie feltet
- Styrkje og vidareutvikle profesjonelle dansemiljø rundt om i landet
- Stimulere til gode scenekunstproduksjonar for ungdom

Litteratur – bøker, periodiske publikasjonar og teikneseriar

Bakgrunn

Norsk kulturråd merkar at verdien av det kunstnarlege skjønnet er under press. Utøvinga av dette skjønnet må heile tida vurderast kritisk, men noko alternativ til dette finst ikkje som kan fremje uavhengig, kritisk, sjølvstendig og sterk kunst. I den grad dei økonomiske rammevilkåra i bokbransjen set dei redaksjonelle vurderingane under press, blir det særleg viktig for Norsk kulturråd å framheve verdien av det kunstnarlege skjønnet slik det blir praktisert i dei ulike utvala i Kulturrådet. Behovet for redaksjonell kvalitet i forlaga og evne til målretta formidling i biblioteka er i òg viktig i denne samanhengen.

Momsfritaket, støtteordningane i Norsk kulturråd og bokavtalen mellom partane i bokbransjen er berebjelkane i den offentlege litteraturpolitikken. Desse påverkar kvar på sin måte utviklinga i bokbransjen og kva typar litteratur som dominerer. Viss støtteordningane i Norsk kulturråd blir for marknadsdominerande, kan dette få utilsikta følgjer for både kunstnarleg innhald og utbreiing av litteraturen. Både den sterke marknadsmakta i bokhandelkjedene og offentlege innkjøp av læremiddel i heile skuleverket har endra driftsgrunnlaget for mange forlag. Kulturrådet har med uro registrert at fleire av litteraturabonnementa i bokavtalen mellom Den norske Bokhandlerforening og Den norske Forleggerforening bruker vurderingane under innkjøpsordningane til å velje ut kva bøker som skal bli distribuerte. Rådet vil følgje denne utviklinga nøye.

For Norsk kulturråd er det eit sentralt kulturpolitisk spørsmål å vurdere kva boktypar og sjangrar det er særleg viktig å styrkje på tvers av marknadstendensane, og kvar det kan vere nødvendig å unngå overstimulering. Vi må gjere meir for å formidle breidda av litteratur, i tett samarbeid med biblioteka. Mykje god litteratur som kjem til biblioteka gjennom innkjøpsordningane, blir ståande ulesen på hyllene. Ny og styrkt satsing på metodeutvikling og praktiske formidlingstiltak i både bibliotek og bokhandel er naudsynt. Kulturrådet vil prioritere slike søknader og gjerne ta initiativ sjølv.

Endringane i rammevilkåra gjer det naudsynt å prøve å vere i forkant, ta initiativ, vere med og setje dagsorden. I perioden gjeld dette særleg for utviklinga av e-bøker, der det no trengst målretta pilotprosjekt. E-boka vil få mykje å seie for rammevilkåra for både forfattarar, forlag, salsledd og bibliotek. Norsk kulturråd vil følgje denne utviklinga nøye, og vere i tett dialog med partane undervegs.

Aukande titteltal i dei fleste bokkategoriane har ført til eit økonomisk press særleg på innkjøpsordningane for skjønnlitteratur, der avsetjingane alt lenge har vore for små til å dekkje full betaling for alle dei påmelde titlane som til slutt blir kjøpte inn. Presset mot ordninga for barne- og ungdomsbøker, der talet på påmeldingar har auka frå 153 i 2007 til 186 i 2010, er urovekkjande, og kan rokke ved tilliten til innkjøpsordningane generelt.

Kulturrådet vil arbeide for at dei automatiske innkjøpsordningane skal bli verande automatiske. Å styrkje innkjøpsordningane er også med på å styrkje folkebiblioteka. I det

partssamansette Drøftingsutvalet for innkjøpsordningane må partane frå år til år drøfte korleis ein kan finne fram til konstruktive og økonomisk akseptable løysingar.

Kulturrådets ansvar og oppgåver

Norsk kulturråd har hovudansvaret for tiltak som sikrar eit breitt tilbod av bøker for allmennmarknaden, periodiske publikasjonar og teikneseriar. Rådet vil halde oppe og sikre effektive støtteordningar som er med på å gjere boklesing til ein kjerne i kulturbruken. Samstundes vil vi jamleg vurdere korleis desse ordningane kan styrkjast og innrettast slik at dei er med å gjere fleire til boklesarar. Dette inneber å analysere og drøfte korleis dei verkemidla rådet har til rådvelde, best kan brukast. Eit overordna mål er at ordningane skal stimulere til utgjeving av kvalitetslitteratur innanfor ei stor breidd av sjangrar.

Rådet vil vidareutvikle seg som eit "kvalitetstilsyn" for norsk litteratur med eit overblikk over kva som skjer rundt i landet. Vi legg særleg vekt på prosjekt som kan få store ringverknader og nå ut til mange, men ser også verdien av det nytenkte og uventa. Rådet vil sikre midlar for prosjektbasert støtte til formidlingstiltak og andre tiltak som fremjar litterær debatt og kritikk, eller som er med på å styrkje interessa for litteratur og lesing. Erfaringane med dialogmøte med søkjarane er positive og vil halde fram.

Norsk kulturråd har høve til sjølv å ta initiativ til nærare undersøkingar av område der det kan vere aktuelt med ekstra innsats. Vi vil styrkje rådets dagsordenfunksjon og rolle som initiativtakar eller igangsetjar på litteraturfeltet. Rådet legg stor vekt på at endringar og prioriteringar skal vere kunnskapsfunderte. Vi vil difor jamleg evaluere etablerte støtteordningar og delar av desse, og følgje særleg nøye med på utviklinga av nye støtteordningar. Samstundes som rådet vil gjere endringar der det viser seg å vere nødvendig eller føremålstenleg, vil vi ta omsyn til dei behova både forfattarar, forleggjarar og distributørar har for stabile og føreseielege avgjerder om bruk av midlar og profil på støtteordningane.

Støtte til aviser og tidsskrift er blitt eit stort arbeidsfelt for Norsk kulturråd. Vi legg vekt på at støtteordningane til denne delen av litteraturen og skriftkulturen skal vere i samsvar med overordna kulturpolitiske mål og mandatet for Norsk kulturråd. Vi vil halde fram med å styrkje tidsskrifta, og vi vil syte for at stønaden til aviser er med på å fremje mediemangfaldet i landet.

Hovudsatsingar 2011-2014

- Vidareutvikle Kulturrådets rolle som tilretteleggjar for diskusjonar og som strategisk partner i den omlegginga som vil skje i norsk bokbransje i fireårsperioden
- Tilpasse støtteordningane til digital publisering og distribusjon gjennom aktivt samarbeid med forleggjar-, forfattar-, illustratør- og bibliotekorganisasjonane
- Styrkje innsatsen for formidling av innkjøpsordningsbøkene gjennom biblioteka i samarbeid med Nasjonalbiblioteket

- Styrkje litteraturfestivalane og biblioteka som formidlingsarenaer for litteratur og forfattarar
- Gjennomgå innkjøpsordningane for skjønnlitteratur med tanke på betre økonomisk kontroll med ordningane og betre utnytting av midlane avsette til innkjøp

Kulturvern

Bakgrunn

Omfanget av oppgåver og ressursane samfunnet har satsa på kulturvern er blitt stadig større dei siste tiåra. I lys av dette skal Norsk kulturråd utvikle nye verkemiddel som høver til den komplekse samfunnskonteksten feltet opererer i. Det samfunnet og den konteksten som er i stadig og rask endring, er òg objekt for kulturvernet. Som eit supplement til historiefaga som akademiske disiplinær, skal kulturvernet gje auka kunnskap om mangfaldet av kulturar og levesett i Noreg til ulike tider. Med referanse til samfunnsoppdraget til historiefaga er det relevant å leggje til grunn at målet med Kulturrådets kulturvernarbeid er å stimulere til dokumentasjon og formidling av den historiske dimensjonen i samfunnsutviklinga heilt fram til i dag. Rådet vil slik understreke aktualiteten til feltet og dei viktige bidraga det kan gje i utviklinga og forminga av samfunnet.

Kulturrådets kulturvernarbeid har vore forankra i overordna nasjonale føringar og har utgjort eit godt verkemiddelapparat til fornying og aktivitet på feltet. Med prioriteringa av forsømte område som til dømes samtidsorientering og kulturelt mangfald, har særleg musea blitt rusta til å møte nye utfordringar. Innsatsen til rådet har resultert i fagleg forankra kreativitet og nytenking i kulturvernet, og har utløyst engasjement og økonomiske ressursar frå både sentrale, regionale og lokale finansieringskjelder.

Ressursbruket til kulturvern i Noreg påkallar kontinuerleg evaluering, debatt og refleksjon rundt feltet og aktørane der. Museumslandskapet er i positiv organisatorisk endring, men rådet har i denne prosessen sakna eit ordskifte rundt samfunnsrolla til institusjonane. I kjølvatnet av museumsreforma må vekt på organisering og struktur bli avløyst av merksemd på fagleg arbeid med strategiar og innhald. Vidare er det behov for å kartleggje og synleggjere utfordringane til musea og arkiva som aktørar i eit samfunn prega av rask teknologisk utvikling, kommersialisering, internasjonalisering og kulturell pluralisme.

Som kultur- og kunstfeltet elles er kulturvernet kontinuerleg i støypeskeia. Rådet merkjer seg at det til kunstområda er knytt akademiske disiplinær og forskning ut frå samfunnsmessige perspektiv. Desse metaperspektiva – blikka utanfrå – er viktige for utviklinga av kunsten og kunstområda isolert. På same vis er det naudsynt med metaperspektiv på kulturvernet som heilskap og på kulturverninstitusjonar spesielt. Rådet legg difor vekt på å stimulere til kunnskapsproduksjon, refleksjon og debatt rundt dei institusjonelle vilkåra, verdigrunnlaget, ideologien og samfunnsrolla til feltet.

Kulturrådets ansvar og oppgåver

Kulturrådet arbeider for at flest mogleg får høve til å bli kjent med kulturar og levesett i Noreg. Musea og arkiva fungerer som forvaltarar av samfunnets kollektive minne, og er dermed sentrale målgrupper i dette arbeidet. Det finn òg stad ei omfattande og ofte sjølvgrodd verksemd i privat og frivillig regi. Rådet legg vekt på å stimulere både det institusjonaliserte og det frivillige kulturvernet. Samstundes skal ein sørgje for fruktbart samvirke også mellom kulturvernet og forskingsmiljøa og mellom kulturvernet og kunstfeltet.

Det er eit klart mål for Kulturrådet å styrkje kulturvernfeltet som heilskap, dels ved å kople feltet og aktørane tettare opp mot aktuelle forskingsmiljø. Samstundes må kompetansen på dokumentasjon og bevaring i kulturvernet bli kopla tettare opp mot kunstfeltet. Rådet vil leggje særleg vekt på å styrkje arbeidet med dokumentasjon og bevaring av kunstuttrykk i nye medium og av ikkje-varig karakter. Det er eit stort behov for auka medvit om og konkrete tiltak for bevaring av slike kunstuttrykk.

Kulturrådet står i ei særstilling i høve til andre statlege aktørar i kulturvernet, fordi den uavhengige rolla til rådet gjev høve til å vektleggje både forsømte emne - dei kvite flekkene på historiekartet - og aktuelle behov og utfordringar. Rådet må nytte denne frie posisjonen til å synleggjere aktuelle behov for avgjerdstakarane på kultur- og forskingsområdet. Forståinga for samfunnsrolla til kulturvernet er i dag aukande, men det har vore lite tilgjengeleg forskingsbasert kunnskap om dette. Prosjekt som sikrar kritisk refleksjon og kunnskapsproduksjon må difor styrkjast.

Å stimulere tiltak som gjev auka kunnskapar om kultur og levesett i Noreg i fortida skal vere Kulturrådets primære oppgåve også i åra som kjem. Samstundes legg rådet vekt på at samtidsorienteringa i musea må styrkjast. Denne utgjer ein ny dimensjon i ein sektor som tradisjonelt har formidla kunnskapar om fortida. Samtidsorienteringa vil kunne stimulere til fruktbare koplingar mellom kulturverninstitusjonane og samtidskunsten.

Globaliseringa utfordrar forståingane av omgrep som nasjonalkultur, tradisjon og identitet. Ho utfordrar dermed òg aktørane i kulturvernet. Rådet legg vekt på å stimulere museum og arkiv til å bli stader der også nye innvandrarar og nasjonale minoritetar kan finne uttrykk som vedkjem deira eigen identitet, kulturarv og tradisjon. Like viktig er det at majoriteten får kunnskap om minoritetane og om kva som skjer når kulturar møtest. Rådet vil stimulere til vidare debatt og refleksjon kring denne utfordringa, som vedkjem ikkje berre musea og arkiva, men heile kulturvernet.

Kulturrådet og ABM-utvikling: Ansvar og oppgåver

Samanslåinga gjev det nye Kulturrådet ein stimulans til ei styrking av arbeidet med brubygging mellom kulturvernet og kunstfeltet i Noreg. Dette er ein stor fordel i lys av at kulturaktørar i prinsippet opererer i den same samfunnskonteksten, som i dag er kjennemerka ved internasjonalisering, kulturell kompleksitet og raske endringar. Parallelt

med desse utviklingstrekk fremjar eit stadig meir samansett og kunnskapsrikt publikum nye krav til kvalitet, profesjonalitet og mangfald.

Samorganiseringa vil slå positivt ut i vidareføringa av arbeidet med å synleggjere museum og arkiv som potensiell arena for samtidskunst. Vidare vil det utvida ansvarsområdet vere ein stor fordel når det gjeld dokumentasjon, bevaring og tilgjengeleggjering av kunstuttrykk. Samvirke mellom kulturvernaktørar og kunstnarar er spesielt aktuelt og relevant fordi stadig fleire museum og arkiv orienterer seg mot forståing og formidling av fenomen og prosessar i samtida. Musea og arkiva er òg interessante kompetansebasar i dokumentasjon av kunstdebatt og kultur- og kunstliv i Noreg.

Hovudsatsingar 2011-2014

- Stimulere til auka kunnskapsproduksjon/forsking, debatt og refleksjon kring kulturvernet og vilkåra for verdigrunnlaga, ideologiane og samfunnsrolla til kulturvernaktørane.
- Styrkje arbeidet med dokumentasjon og arkivering/bevaring av samtidas kunstuttrykk i nye medium og av ikkje-varig karakter
- Styrkje satsinga på vidareføringa av den levande kulturarven
- Synleggjere kulturverninstitusjonar, særleg museum og arkiv, som moglege arenaer for vising av kunst
- Styrkje prosjektbasert arbeid med bevaring og sikring av historisk materiale som er spesielt utsett for fysisk nedbryting
- Styrkje prosjektbasert arbeid med dokumentasjon og formidling av forsømte historiske emne
- Stimulere til produksjon av fleire historie- og kulturvern fagleg forankra fagbøker og dokumentarfilmar av høg kvalitet